



UNIVERSITETET I OSLO

DET HUMANISTISKE FAKULTET

Utsett eksamen i EXPHIL03 hausten 2012 – sjølstudiumsvarianten

Tysdag 8. januar - kl 09.00-13.00 (4 timar)

Du finn heile oppgåvesettet på ei side.

Det er ikkje lov å bruke hjelpemiddel.

Du må svare på ei oppgåve frå Del I og ei oppgåve frå Del II.

Del I: Filosofi- og vitenskapshistorie

Anten:

Hume og Kant

Gjer greie for grunnleggjande trekk ved Hume sin etikk og legg særleg vekt på den rolla kjenslene og fornuften spelar i etikken. Samanlikn med Kant sitt syn på tilhøvet mellom kjensle og fornuft i etikken.

Eller:

Kvinnesyn

Gjer greie for likskap og skilnad mellom Platon sitt syn på likestilling mellom menn og kvinner i *Staten* og Simone de Beauvoirs syn på kvinna si frigjering i *Det annet kjønn*. Få fram argumenta dei legg til grunn.

Del II: Etikk

Anten:

Utilitarisme

I artikkelen "Riss av et system for en utilitaristisk etikk" gjer J. Smart greie for utilitarismen og forsvarar han mot innvendingar. Gjer greie for grunnleggjande trekk ved Smart sin versjon av utilitarismen. Legg særleg vekt på Smart sitt syn på kva som er grunnlaget for dommar om moralsk rett og galt og for synet hans på grunnlaget for moralsk ros og klander. Drøft deretter éin eller fleire innvendingar mot utilitarismen.

Eller:

Autonomi

Friedman argumenterer i sin artikkel «Feminisme i etikken» for ein moralsk og personleg autonomi. Gjer greie for argumentasjonen hennar og kom i den samanhengen og inn på kva for tilhøve ho har til grunnleggjande trekk ved Kant sin etikk.